

Yrkesopplæringsnemnda

v/leiar Atle Rasmussen

Dale 5.4.23

Fråsegn frå kommunedirektørane i HAFS kommunane vedrørande endring skuletilbodet ved Dale VGS

Vi viser til justert forslag frå Vestland Fylkeskommune om å ta vekk begge vg2 YF-klassane.

Dale VGS sitt noverande tilbod er svært viktig for kommunane i HAFS. Aller helst hadde vi ønskt at det vart styrka og ikkje redusert.

Å redusere tilboden slik som det er forslag om, vil har store konsekvensar for HAFS-regionen og skape problem både for kommunane og for næringslivet.

For oppnå folketalsvekst er vi avhengig av framstå som ein attraktivt kommune for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Fjaler som einaste kommunen i HAFS har hatt ein liten vekst i folketal og i arbeidsplassar dei siste 10—åra. Dette skyldast at vi har eit dyktig og mangfaldig næringsliv og god breidde og aktivitet innan kultur og fritidsaktivitetar. Dette har gitt ei positiv tilflytting til kommunen.

Det er mange brikker som må spele i lag for at vi skal få til positiv utvikling. Dale VGS er ein av dei viktigaste brikkene. Vi har i dag store utfordringar med å rekruttere nok arbeidskraft særleg innan helse, men og på andre område. I bygg og anleggssbransjen så er nær 20% av dei som jobbar i næringa over 55 år+. Tilsvarande tal innan helse og sosialtenestar er 30%. Desse to næringane er og dei næringane som i lag med undervisning som sysselset flest personar (totalt 60% av tal sysselsett i Fjaler). Det betyr at vi har stort rekrutteringsbehov framover på dei to fagområda kor det er forslag om reduksjon. Innan helse er utfordring særleg stor grunna auke i tal eldre framover. Ved utgangen av året var det om lag 5000 ledige sjukpleiestillingar og er den yrkesgruppa kor det vanskelegast å rekruttere. Behovet fram mot 2040 etter dagen driftsmodell, viser at behovet vil vere 46000.

HAFS er avhengig av at det er tilgang på ungdom som kan jobbe som vikarar, i helgestillingar og som tek utdanning innan helse. Alle kommune i HAFS har frå 1-4 lærlingar innan. I tillegg har ein òg læringer på andre fagområde. Dette er veldig bra og har i sum bidrige til kommunane har hatt redusert behov for innleige av helsepersonell.

For å kunne leve gode tenester i framtida og få til ei positiv utvikling, er eitt av satsingsområda for kommunane kompetanse, utdanning og rekruttering. Fjaler som vertskommune for Dale VGS har i sin nyleg vedtekne næringsstrategi som mål å styrke kompetansen i eksisterande næringsliv, sikre rekruttering av framtidig arbeidskraft gjennom å styrke den vidaregåande skulen og knyte næringslivet tettar opp mot utdanningsinstitusjonar.

Dale VGS har eit godt samarbeid med næringslivet som gir mulighet for utplassering og lærninglassar, noko som vist til ovanfor - er positivt med omsyn til rekruttering. Fjaler kommune og næringslivet jobbar no denne våren i lag for å få etablert ein organisasjon som skal jobbe for å ytterlegare styrke den positiv utviklinga vi har hatt på mange område.

Derfor er det svært viktig at klassane ved Dale VGS blir opprettholdt. Vi har opplevd ei positiv utvikling og lykkast vi med å nokre av måla våre, vil det vere grunnlag for å styrke Dale VGS framover og ikkje det motsatte.



Ola Hovland

kommunedirektør

Fjaler kommune

Martin Lundgård

kommunedirektør

Askvoll kommune

-sign-

Gjermund Flage

kommunedirektør

Hyllestad kommune

-sign-

Jens Eivind Kobeltveit

kommunedirektør

Solund kommune

-sign-